
Emne: Søknad om støtte til husleige/straum for 2026

Til: post@stranda.kommune.no

Sendt: 26.10.2025 21:38:19

Fra: Sveinung Ørjasæter <sveinung@pla-mek.no>

You don't often get email from sveinung@pla-mek.no. [Learn why this is important](#)

Søknad om støtte til husleige/straum for 2026

Stranda kommune har løyvd midlar over budsjettet til dekning av husleige/straum for industriutstillinga i PI-bygget.

Tildelinga har vore til god hjelp med å dekke våre faste utgifter til drifta av den historiske presentasjonen av industriutviklinga, frå den første tilbake i 1884.

Vi veit at mange set pris på industriutstillinga. Spesielt interessant er dei kommentarane vi får frå utabygds besøkande.

«Vi er imponert over den variasjon og det mangfaldet i industrien i Stranda gjennom alle desse åra, noko utstillinga viser på ein så god måte», er mellom det vi ofte høyrer.

Utstillinga vil bli brukt i undervisninga i barne- og ungdomsskulen . I samarbeid med Frivilligsentralen blir den og brukt i integreringa av flyktningar. Den gir dei eit innblikk i industrihistoria og utviklinga i Stranda.

Vi håper det også i budsjettet for 2026 finest rom for å dekke deler av våre utgifter til husleige/straum, og søker om

Kr 90.000.

Stranda 26.10.2025.

Strandaindustriens Historie

Reidar Lunde
styreleiar
(sign)

Sveinung Ørjasæter
styremedlem/økonomiansvarleg
(sign)